



RUSMIDDEL POLITISK HANDLINGSPLAN

2016 – 2020



MOT[®]
vis MOT - ta egen valg!

www.sykkylven.kommune.no

1. INNLEIING	5
1.1 Lovverket.....	5
1.2 Arbeidet med planen i kommunen	6
1.3 Politisk ansvar	6
1.4 Administrativt ansvar.....	6
2. MÅLSETTING	7
3. RUSMIDDELSITUASJONEN	8
3.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg	8
3.2 Rusmiddelsituasjonen i Sykkylven	9
3.3 Omsetting av alkohol	14
4. SATSINGSOMRÅDE 2016 – 2019	14
4.1. Førebyggjande tiltak for barn og unge	14
4.1.1 Rusførebyggjande undervisning i skulen	15
4.1.2 Barn i risikosonen - når mor eller far rusa seg	15
4.1.3 Fagteam i skule og barnehage.....	17
4.1.4 Tiltak for ungdom.....	17
4.1.6 Tverrfagleg ungdomsteam.....	19
4.1.7 Helsestasjon for ungdom.....	19
4.1.8 MOT	19
4.1.9 Rusmiddelfritt miljø i dei frivillige organisasjonane	19
4.1.10 Natteravn	20
4.1.11 Ungdomsråd.....	20
4.1.12 Aktivitetshuset Fønix	20
4.1.13 Av-og-til	20
4.2 Miljø- og haldningstiltak	21
4.2.1 Kompetanse på rusfeltet	21
4.2.2 Arrangement i kommunal regi.....	21
4.2.3 AKAN-arbeid.....	21
4.3 Behandling og omsorg	22
4.3.1 Oppfølging av gravide med rusproblem	22
4.3.2 Tiltak for rusmiddelmisbrukarar	22

4.3.3 Bustader for personar med rusproblem	23
5. KOMMUNAL ALKOHOLOMSETNINGSPOLITIKK	24
5.1 Faste sals- og skjenkeløyve	24
5.1.1 Salsløyve	25
5.1.2 Alminnelege skjenkeløyve	25
5.2 Skjenkeløyve for enkelthøve.....	25
5.3 Ambulerande løyve.....	26
5.4 Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve	26
5.4.1 Generelt	26
5.4.2 Faste løyve	26
5.4.3 Løyve for enkelthøve.....	27
5.4.4 Ambulerande løyve	28
5.5 Opnings- og skjenketider	29
5.5.1 Opningstider	29
5.5.2 Skjenketider	29
5.5.3 Andre bestemmelser	29
5.5.4 Iverksetjing av forskriftera	29
5.6 Kontroll med alkoholomsetning	30
5.7 Retningsliner for reaksjonar ved brot på alkohollova	30
5.8 Gebyr for sal og skjenking	32
6. ØKONOMISKE KONSEKVENSAR	33
7. EVALUERING AV PLANEN	33

1. INNLEIING

Kommunane er pålagde å ha ein alkoholpolitisk handlingsplan etter alkohollova. Ut i frå sentrale føringar om å sjå alkohol- og narkotikapolitikk i samanheng, blir det utarbeidd ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Nasjonale satsingsområde framhevar spesielt behovet for å styrke samarbeid og samhandling overfor risikoutsette barn og unge. Det blir påpeika at kommunen sin ruspolitikk, bevillingspolitikk og kontroll må sjåast i samanheng med og støtte opp under resten av det førebyggande arbeidet i kommunen, og at rusmiddelfrie møteplassar for barn og unge vert oppretthaldne og vidareutvikla. Det rusførebyggande arbeidet i kommunen har vore sett fokus på og prioritert frå fleire hald etter fleire tragiske endingar som skuldast rusmisbruk.

Planen er to-delt, med ein del som omhandlar førebyggande arbeid og tiltak, og ein del med retningsliner for kommunal omsetningspolitikk for alkohol.

Kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan for 2012-2015 sette fokus på det førebyggande arbeidet spesielt retta mot barn og unge. I den nye planen for 2016-2019 vil førebyggande og haldningsskapande arbeid, samt fokus på foreldrerolla framleis vere satsingsområde. I tillegg vil behovet for samarbeid innan dei kommunale tenesteområda bli framheva.

Rusførebyggjande arbeid er eit felt som i stor grad bygg på samarbeid mellom heim, skule og lokalmiljø. Kvalitet og resultat er mykje avhengig av at ein i kommunen – og kanskje spesielt i skulen – kan skape gode arenaer for samhandling, samarbeid og dialog. Erfaring viser at innsats i lokalmiljøet gir best effekt, og at etablering av rusfrie soner og møteplassar for ungdom bør prioriterast.

Vi ønskjer å mobilisere ansvarskjensle og dømmekraft hos den einskilde i høve bruk av rusmiddel, og vi ønskjer auka bevisstgjering både blant dei unge og foreldra i høve haldninga til rusmisbruk.

Etter folkehelselova skal alle kommunale tenester vere med å førebygge sjukdom og jamne ut helseforskjellar. Lova styrkar kommunen sitt ansvar for førebygging og helsefremjande arbeid, og skal sikre at tiltak og tenester blir koordinert på ein systematisk og forsvarleg måte.

1.1 LOVVERKET

Det kommunale rusmiddelarbeidet blir regulert av følgjande lovverk:

- Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.
- Lov av 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 62 om psykisk helsevern
- Lov av 4. desember 1992 nr. 132 om legemiddel
- Lov av 2. juli 1999 om spesialisthelsetjenesten
- Forskrift av 23. desember 2004 om individuell plan
- Opptrappingsplan for rusfeltet (Helse- og omsorgsdepartementet)
- Lov av 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Dei statlege føringane er i hovudsak fremja gjennom lovgjeving med tilhøyrande retningslinjer, og alkohollova som den mest sentrale. Frå statleg hald vert det halde fast ved at det er nær samanheng mellom forbruk og skadeverknader. Å avgrense generelt forbruk vert difor sett på som ei hovudsak i reguleringa av alkoholomsetning.

Folkehelselova har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar helseforskjellar. Kommunane har etter denne lova plikt til å fremje helse, trivsel, gode sosiale- og miljømessige tilhøve for innbyggjarane, og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skader og beskytte mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

1.2 ARBEIDET MED PLANEN I KOMMUNEN

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er utarbeidd med eit tverrfagleg perspektiv, med hovudvekt på førebygging, behandling og omsorg og retningsliner for tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Medlemmer i plangruppa:

- Karoline Lied, einingsleiar bu- og rehabiliteringstenesta
- Mariann N. Wilhelmsen, ruskonsulent
- Synnøve Hunnes, einingsleiar fellesstenestene
- Elisabeth Ziel Opsvik, konsulent fellesstenestene
- Ann Kristin Bjørnevik, barnevernskonsulent
- Kristin Bjørge Thuen, fagleiar helsestasjonen
- Linda Nilsen Hovland, einingsleiar barne- og familiestenestene

I tillegg har politi, kommuneoverlege, kultureininga og folkehelsekoordinator gitt innspel i planarbeidet. Levekårsutvalet gir si tilråding, før planen vert lagt fram for endelig godkjenning i kommunestyret.

1.3 POLITISK ANSVAR

Kommunestyret: Overordna ansvar for rusmiddelarbeid og alkohol-omsetningspolitikk

Levekårsutvalet: Fagleg hovudansvar, både det individ- og det familieretta arbeidet.

Kontrollutval for alkoholomsetning, og har ansvar for at lov, forskrifter og kommunale retningsliner blir følgde.

1.4 ADMINISTRATIVT ANSVAR

Alle kommunale tenester: Ansvar for å forebygge, behandle og legge til rette for mestring av sjukdom, skade, lidinger og nedsett funksjonsevne

Legetenesta: Medansvar for å avdekkje rusproblem og initiere tiltak.

Bu- og rehab.tenesta:	Medansvar for å initiere frivillige tiltak. Ansvar for tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige.
Barne- og familieten.:	Medansvar for førebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid.
Kultureininga:	Ansvar for primærbyggjande tiltak som t.d. utvikling, igangsetting og drift av fritidstiltak for barn og unge.
Skule/oppvekst:	Medansvar for haldningsskapande arbeid, og at rusproblem blir kartlagt så tidleg som råd.

2. MÅLSETTING

Syklyven kommune vil arbeide for å avgrense skadeverknader av ulike former for rusmisbruk i høve einskildindivid, familie og lokalsamfunn. Mål og strategiar tar utgangspunkt i nasjonale mål og strategiar for rusmiddelpolitikken.

Hovudmål

- Førebygge alle typar rusmiddelmisbruk og hindre utvikling av avhengigheit til alkohol og narkotika.
- Redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelmisbruk har for einskildpersonar og for samfunn. Oppnå betydeleg reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadane av rusmiddelmisbruk.
- Betre tilgang på effektiv rådgjeving, hjelp og behandling for personar med rusmiddelproblem og deira pårørande.

Strategiar for å oppnå måla

- Redusere totalforbruket av alkohol og endre skadeleg drikkemønster
- Motarbeide omsetting av illegale rusmidlar gjennom førebygging og haldningsskapande arbeid.
- Heve debutalderen for alkohol. Avgrense etterspørsel etter alkohol og andre rusmidlar ved å drive aktivt haldningsskapande arbeid mot rus og ved å tilby barn, ungdom og andre grupper aktivitetar i rusfritt miljø.
- Samarbeid mellom heim og skule i det haldningsskapande arbeidet.
- Spele på lag med frivillige organisasjonar, grupper og einskildpersonar i behandlings- og omsorgstiltak.
- Behandle skadeverknader av rusmisbruk ved å sørge for god og rask formidling til behandlingstilbod og god oppfølging etter behandling.

Folkehelseperspektivet er utgangspunktet for rusmiddelpolitikken. For å nå målet om å redusere dei negative helsemessige og sosiale konsekvensane av rusmiddelmisbruk, må vi ha ei tilnærming som er retta mot befolkninga som heilskap.

Koordinering, rettleiing, opplæring, informasjon og tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad og skal stå sentralt i kommunen sitt arbeid for å nå måla. Problem knytt til alkohol og narkotika føreset tverrfagleg samarbeid for å kunne løysast.

Det er viktig å sikre integrering av planen i heile kommuneorganisasjonen. Bruk av rusmidlar er ikkje berre eit problem for rusmisbrukaren, men også for familien, nærmiljøet og samfunnet elles.

Skulen er utpeika som nasjonal satsingsarena i det rusførebyggjande arbeidet, og det vert sterkt framheva at dette arbeidet handlar vel så mykje om å utvikle gode rammevilkår for utforming av handlingsrom i samfunnet der barn og unge kan utvikle ein identitet knytt til meistring og meining, tilhøyring og deltaking, som å fokusere på rusbruk/misbruk som isolert fenomen.

3. RUSMIDDELSITUASJONEN

3.1 RUSMIDDELSITUASJONEN I NOREG

For å kunne redusere rusmidelmisbruk og rusmiddelrelaterte skader, er det ein føresetnad å vere orientert om rusmiddelsituasjonen lokalt og nasjonalt. Normalt vil lokale tilhøve speile seg i tilhøva elles i Noreg, og derfor gir vi også ei oversikt over rusmiddelsituasjonen i Noreg. Med rusmidlar meiner vi her alkohol, narkotiske stoff og andre legale og illegale midlar som blir brukt for å oppnå rus.

Alkoholforbruket i Noreg aukar stadig og i dag drikker befolkninga over 15 år i snitt nærmare åtte liter rein alkohol i året, viser tal frå Folkehelserapporten. I løpet av 20 år har alkoholforbruket i Noreg auka med 40 prosent. Høgt utdanna personar med høg inntekt drikker oftare enn folk med lågare inntekt og utdanning. Menn drikker framleis meir enn kvinner. Alkohol er ein større del av kvardagen til folk og blir brukt i fleire samanhengar enn tidligare.

Det viser seg også at tidleg debut gir høgt forbruk. Ein som debuterer som 13-åring drikker i gjennomsnitt 8,8 liter rein alkohol pr. år som 19-åring. Det er dokumentert at ungdom som får alkohol heime drikker meir og blir oftare rusa enn dei som ikkje eller sjeldan får alkohol av foreldra.

Det er i hovudsak tre aspekt ved alkoholbruken som er av særleg interesse:

- totalforbruk
- kor mange som drikker
- drikkemønster

Auka alkoholbruk medfører eit breitt spekter av både helsemessige skader og sosiale problem, der mange også rammar andre enn dei som drikker. 1-2% av befolkninga brukar alkohol på ein slik måte at det medfører risiko for å utvikle alkoholisme. Om lag 10% av befolkninga brukar alkohol på ein måte som medfører auka risiko for sjukdom og skade, utan at dette blir definert som misbruk eller avhengigheit. Denne gruppa drikker 50% av all alkohol som blir konsumert.

Undersøkingar viser at dei fleste skader og ulykker relatert til bruk av alkohol ikkje skjer som følgje av langvarig inntak, men som følgje av brå alkoholpåverknad og rus. Dei vanlegaste akutte problema er krangling, slåsting, overgrep i og utanfor familien, fråvære frå arbeid eller skule, straffbare handlingar og trafikkulykker. Uønskt åtferd under rus er langt meir utbreidd enn helseproblem, ulykker eller sjukdom. Fordi åtferda også går utover andre personar, er langt fleire ramma av problem knytt til rus. Sjølv om dei som har høgast gjennomsnittsforbruk har størst individuell risiko, skjer dei fleste skadeverknadane blant dei som har eit moderat forbruk.

70-80% av alle oppdaga valdsepisodar i Noreg har skjedd i samband med at enten valdsutøvaren, offeret eller begge har brukt alkohol, og over halvparten av alle drapsmenn er påverka av alkohol under handlinga. Statistikk frå Oslo kommune viser at 25% av alle menn og 10% av alle kvinner som var innlagde på sjukehus grunna ulykker, var påverka av alkohol.

Det er vanskeleg å kartlegge bruk og misbruk av narkotiske stoff, mellom anna fordi omsetning og bruk av narkotika er ulovlig, og på grunn av sosial marginalisering av brukarane. Det er forbode å innføre, omsette, oppbevare og bruke narkotika, og derfor er all bruk av slike stoff forbode. Det finst lite statistikk, men SIRUS si undersøking blant ungdom i alderen 15-20 år gir oss ein liten peikepinn på utviklinga. Narkotikamisbruk mellom ungdom i Noreg auka sterkt på slutten av 1990-talet, for deretter å flate noko ut.

Misbruk og avhengigkeit av vanedannande og narkotiske legemiddel er eit aukande problem. I perioden 1999 til 2008 var det ei relativt sterk auke i salet av vanedannande legemidlar, medan det etter 2008 har halde seg meir stabilt. Kvinner dominerer bruken av slike legemiddel⁴. Forsking tyder på at det truleg er eit omfattande omfang av personar med misbruk av vanedannande legemidlar, og at dette i stor grad er eit usynleg misbruk. Omfanget av avhengigkeit, helsemessige skader og sosiale kostnader har vi framleis lite kunnskap om.


3.2 RUSMIDDELSITUASJONEN I SYKKYLVEN

Vi har all grunn til å tru at rusmiddelsituasjonen og rusmiddelproblematikken i Sykkylven har eit omfang som svarar til situasjonen i dei fleste norske kommunar. Det er enkel tilgang til legale rusmidlar på skjenkestader, daglegvarebutikkar og vinmonopol.

Ungdomsundersøkinga Ungdata vart gjennomført for alle elevar ved ungdomsskulen og vidaregåande skule i 2015. Ungdata er standardisert system med spørjeskjema på nett utarbeidd av NOVA, og det er dei og dei regionale kompetansesentra for rusfaget som har det faglege ansvaret.


519 elevar ved ungdomsskulen og vidaregåande skule svarte på spørsmål som omhandlar m.a. skule, fritidsaktivitetar, familie, vene, helse og rusbruk. Vi har fått ein god peikepinn på korleis ungdom har det i kvardagen, og resultata gir oss god informasjon om oppvekst og folkehelse

På spørsmåla om tobakk og rus svarte elevane ved ungdomsskulen slik:



(kjelde: Ungdata 2015)

Ved vidaregåande skule fekk vi følgjande resultat:




(kjelde: Ungdata 2015)

Når det gjeld bruk av alkohol blant ungdom, viser statistikken ein generell nedgang på landsbasis, og Sykkylven ligg under snittet i Noreg. Likevel opplever politiet ein del problemstillingar knytt til alkoholbruk blant ungdom under 18 år. 12% av dei eldste elevane gir opp å ha brukt hasj eller marihuana minst ein gong i løpet av dei siste 12 månadane. Snittet for Noreg er 11%.

Kartlegginga *Brukarplan 2015* er gjennomført blant brukarane av heimeteneste, barnevernteneste og rus- og psykisk helseteam. *Brukarplan* blir nytta til å kartlegge omfang og karakter av rusmiddelmisbruk, og er eit verktøy som gir kommunen eit relativt detaljert og oppdatert bilde av kor mange brukarar av kommunens helseomsorgs- eller velferdstenester som har eit kjent rusproblem- og/eller ein kjent psykisk liding, kva som er deira livssituasjon og funksjonsnivå, og kva slags tenester frå spesialisthelsetenestene og andre tenester disse personane mottar. Slik får kommunen eit godt informasjonsgrunnlag for å planlegge og dimensjonere framtidige tenester og dermed sikre den best målretta og kostnadseffektive bruk av tilgjengelige ressursar.


Pr. i dag har rus- og psykisk helseteam 160 brukarar. Av desse har 100 stk. psykiske vanskar, 44 stk. ROP (brukarar med omfattande rusproblematikk i tillegg til en alvorlig psykiatrisk diagnose), 3 stk. under LAR-behandling (legemiddelassistert rehabilitering), og 15 stk. er pårørande.

Av dei kartlagde i *Brukarplan* med rus- og eller psykiske vanskar er det 76% menn, og 24% kvinner.



(Kjelde: Brukarplan 2015)

Kartlegginga av dei med psykiske vanskar viser det motsette bildet, 29% menn og 71% kvinner:




(Kjelde: Brukarplan 2015)

Det å ha eit rusproblem er framleis tabubelagt, spesielt når det gjelder kvinner. Ei mor med rusproblem blir oftare stempla som ei «dårleg» mor, enn ein far med rusproblem. Dette handlar mykje om haldningar og kultur.

Dei negative konsekvensane av langvarig bruk av rusmidlar er mellom anna psykiske vanskår, og mange som slit psykisk brukar rusmiddel som sjølvmedisinering. Dette erfarer rus- og psykisk helseteam også i praksis. Pasientar blir ofte vist til teamet med psykiske vanskår, og etterkvert blir det avdekt betydelig bruk av rusmiddel. Ut i frå dette kan det vere grunn til å stille spørsmål om det er fleire av kvinnene (71%) med psykiske vanskår som underrapporterer sin bruk av rusmiddel. Openheit og haldningsendring kan mogleg bidra til at fleire kvinner med rusproblem blir avdekt i dei komande åra.


Aldersfordeling over brukarar med rus- og eller psykiske lidinger:



(Kjelde: Brukarplan 2015)

Kartlegginga syner at 9 barn bur saman med personar med rus- og eller psykiske vanskår, mens 5 stk. har samvær. Samanlikna med personer med psykiske vanskår er det 93% som har omsorg for barn, og 6,9% som har samvær. Det tverrfaglege samarbeidet med barneverntenesta og helsestasjonen er særskilt viktig for å sikre at desse barna får tilstrekkelig hjelp.


Rusmidlar som blir mest brukt blant brukargruppa er alkohol, deretter hasj og amfetamin:



(Kjelde: Brukarplan 2015)

Graden av alvor blant brukargruppa med rus- og eller psykiske vanskår blir definert slik: 14,7% er i grøn sone (beskjedent problem), 67% er i gul sone (betydelege vanskår) og 17,6% er i raud sone (svært omfattande vanskår).

Nedanfor syner utfordringar grunna rusmisbruket, knytt til dei ulike funksjonsområda:



(Kjelde: Brukarplan 2015)

Etter politiet si vurdering er det av narkotiske stoff truleg hasj og marihuana som er mest utbreidd i Sykkylven, men også amfetamin og ecstasy vert tidvis beslaglagt. Bruken av dei ulike typane svingar i takt med tilgangen. Politiet observerer også auka bruk av syntetiske stoff kjøpt via internett. Det kjem heile tida nye stoff på marknaden⁵. Slike stoff kan vere vanskelege å oppdage, og dei gir nødvendigvis ikkje utslag på politiet sine testar. Bruk av slike stoff kan også vere svært risikofylt, av di ein ikkje veit kva dei inneholder.

Misbruk av narkotika ser ut til å vere lite utbreidd i ungdomsskuletrinnet. Politiet har inntrykk av at det berre er einskildindivid som har prøvd narkotiske stoff i denne aldersgruppa. Det same gjeld for vidaregåande skule generelt. Politiet har fått informasjon om at omsetting av stoff har skjedd i skuletida. Men ein har ikkje dokumentasjon i høve omfang eller regelmessig bruk.

Når det gjeld eldre ungdom og voksne kan det sjå ut som at misbruk av narkotiske stoff er meir utbreidd. Endring i ruskulturen skjer stadig raskare, og terskelen for å prøve hasj og andre stoff er lågare enn før. Mest misbruk finn ein truleg innan aldersgruppa 25-45 år. Hasj er det farlegaste stoffet sett over tid grunna dei skadeverknadane det medfører.

Det er svært viktig at ein er merksame på liberaliseringa som skjer generelt og over tid.

Politiet uttrykker også bekymring for bruken av anabole steroidar. Det er no innført forbod mot å bruke anabole steroidar og annan form for doping. Dette er nærmast sidestilt med narkotika⁶, og dette er eit område som politiet kjem til å prioritere med siktemål å

⁵ 62 nye typar stoff vart beslaglagt i Noreg i 2011.

⁶ Jf. §24 legemiddelloven.

avdekke omfang av bruk. Dette arbeidet er utfordrande og krev stort omfang av tverrfagleg samarbeid.

3.3 OMSETTING AV ALKOHOL

Omsetningstala for øl, vin og brennevin ved sals- og skjenkestadane i kommunen har vore ganske stabile dei siste åra, og med noko nedgang frå 2009 og til i dag. Endring i talet på skjenkestader gir utslag på omsetting. Ølsalet har auka etter at kommunestyret opna for sal i daglegvarebutikkane. Det finst ikkje statistikk over kor mykje som vert kjøpt utanfor kommunegrensa.

Omsetting av alkoholhaldig drikk:

År	Øl/rusbrus	Vin	Brennevin	Sal av øl/rusbrus
2002	20 441	2 181	348	139 972
2005	27 737	2 489	596	241 296
2008	22 596	1 606	193	278 352
2012	23 073	3 232	248	231 236
2013	17 676	1 635	148	258 319
2014	16 688	3 111	162	244 582
2015	14 594	2 510	245	270 349

Kjelde: Omsetningstal frå løyvehavarane. Alle tal i liter.

Vinmonopolet opna utsal i Sykkylven i 2006, og hadde ei omsetting på totalt 61 000 liter i 2007, i 2011 72 000 liter og i 2015 var omsettinga på 84 000 liter.

4. SATSINGSMÅLE 2016 – 2019

4.1. FØREBYGGJANDE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Det vert satsa aktivt på førebyggjande tiltak for barn og unge frå fleire hald og frå ulike einingar og fagområde. Det er auka fokus på samordning av tiltak og nærmere samarbeid, og på tvers av einingane er det blitt oppretta fleire ulike utval som tverrfagleg ungdomsteam og ungdomsråd.

Sykylven kommune nyttar kartlegginga Brukarplan 2015 og resultat frå Ungdata¹⁰ i sitt førebyggjande arbeid, og målet er at alle einingane tar i bruk Brukarplan.

4.1.1 Rusførebyggjande undervisning i skulen

Læreplanverket for grunnskulen legg vekt på at undervisning om alkohol og andre rusmidlar skal vere førebyggjande. Undervisninga går på tvers av fag, og skal hjelpe elevane til å utvikle sjølvstendige haldningar og standpunkt, og lære dei å meistre press og negativ påverknad. Det er sjølvsagt vanskeleg å måle effekten av denne undervisninga, men undersøkingar tyder på at mange elevar får eit meir bevisst og reflekterande forhold til det å ruse.

Fleire aktørar bidrar i dette arbeidet:

- Opplysningskampanjar frå sentralt hald
- Rotaryklubben – «Alternativ russ»
- Lions – «Mitt valg»¹¹

Vidare er politi, kommunale tenester og kyrkje medspelarar på kvar sin måte. Samarbeid heim/skule er ein viktig føresetnad for å lukkast best mogleg. Vaksne menneske sitt engasjement, entusiasme og førebilete er truleg det mest vellukka av alle kjende metodar.

4.1.2 BARN I RISIKOSONEN - NÅR MOR ELLER FAR RUSAR SEG

Barn av rusmisbrukarar veks generelt opp i eit kvalitativt därlegare omsorgsmiljø enn andre barn. Å vekse opp med foreldre som misbrukar rusmidlar regelmessig representerer ein betydeleg helserisiko for barn. Som gruppe har dei i gjennomsnitt meir kjenslemessige, åtferdsmessige og læremessige problem enn andre.

Korleis barna klarer seg er m.a. avhengig av kor bra familien fungerer, og kva hjelp og støtte barna og familien får.

Fokus på tiltak som betre sikrar eit godt sosialt nettverk og trygge oppveksttilhøve, er særs viktig for barn av rusmisbrukarar. Ein må tenkje heilskap og sjå skule og fritid i samanheng. Det tverrfaglege samarbeidet mellom skule, barnevern, helsestasjon og PPT er styrka, jf. plan for førebyggande tiltak og kompetanseheving retta mot barn og unge i risikosonen (k-sak 24/08). NAV og 2. linetenesta har også styrka sitt fokus på barn som opplever rusmisbruk i sin familie.

¹⁰ <http://www.ungdata.no/id/22414>

¹¹ Eit rusførebyggjande program for heile grunnskulen.

Tilbod	Målgruppe	Innhald
BAPP-grupper	Barn av foreldre med psykiske problem og/ eller rusproblem	Føremålet med BAPP-grupper er å førebygge og styrke barn sin evne til å mestre kvardagen. Sykkylven kommune har hatt tilbod om BAPP-gruppe sidan 2010 og har som målsetjing og holde ei gruppe kvart år. Tilbakemeldingane frå dei gruppene som har vore til no, er svært positive.
ICDP (International Child Development Program)	Foreldre	ICDP er eit foreldrerettleatings-program utarbeidd av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Gjennom dette programmet ønskjer ein å styrke foreldre si tru på seg sjølv og sine eigne vurderinger. Dette blir gjort gjennom å gjere foreldre medvitne om eigne verdiar og oppfatningar i høve til barna og oppseding, og om korleis desse oppfatningane vert omsett i praksis. Programmet fokuserer på foreldra sine ressursar, og ikkje på feil og manglar. Tilbod om foreldrerettleiling skjer både individuelt og i grupper.
COS (Circle of Security)	Foreldre	COS, eller tryggleikssirkelen på norsk, er ein brukarvennleg modell for å analysere og tolke barns åtferd, følelsar og behov for å kunne rettleie foreldre i utviklingsstøttande omsorg. Modellen har som mål at barnet utviklar ei trygg tilknyting til sine foreldre. Tryggleikssirkelen er brukt over heile verda for å hjelpe barn i aldersgruppa 1- 6 år til å bli tryggare, til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse.
PMTO (Parent Management Training Oregon)	Foreldre med barn i alderen 3- 12 år	PMTO er eit behandlingstilbod for familiar som har barn med alvorlege åtferdsproblem. Tilboden er for familiar som har kome inn i eit negativt samspelsmønster og barnet har utvikla åtferdsproblem. Målet med behandlinga er at foreldra og barnet skal gjenopprette ein positiv relasjon. Åtferdsproblema skal reduserast, og ei positiv utvikling skal bli fremmma. Målet er å bygge opp barnet sin sjølvtillit gjennom positiv tilknyting og oppmuntring til mestring. Barnet treng også å lære å ta ansvar for eigne val og handlingar.

Tverrfagleg gruppe

Det blir jobba med å sette saman ei tverrfagleg gruppe som i samarbeid med politiet skal jobbe opp imot førebygging og barn/ungdom. Det er ynskjeleg å få til eit eige opplegg både på hausten og på våren i 7. klasse og så i 8. klasse. Dette vil vere for både elevane og foreldra.

4.1.3 FAGTEAM I SKULE OG BARNEHAGE

Retningsliner for fagteam i skule og barnehage vart vedtekne i kommunestyret i 2008.

Målsetting med fagteam på den einskilde skule og barnehage er å sikre tidleg intervensjon og hjelp, samt gi skule, barnehage og foreldre høve til tverrfagleg drøfting av problemstillingar vedkomande elevar/born og deira miljø i skule og barnehage. Ein vil slik gi lettare tilgang og lågare terskel for samarbeid og fremje kommunikasjon og samarbeid mellom heim, skule/barnehage og fagmiljø.

Tverrfagleg samarbeid er ei arbeidsform som inneber at fleire yrkesgrupper arbeider saman på tvers av faggrensene for å nå eit felles mål. Dette samarbeidet er mellom anna med å auke høvet for å sette inn tiltak på eit tidleg tidspunkt, auke fokus på heilskapsperspektivet, auke den heil-skaplege kompetansen i tenestetilbodet og bidra til betre ressursutnytting. Faste møter og etablerte fora for samarbeid er viktig.

Både skular og barnehagar har i dag faste samarbeidsmøter (fagteam) med PPT, helsestasjon og barnevernteneste og ev. andre ved behov. Ein har her høve til å ta opp einskildsaker til drøfting, anten NN-saker eller med namn, då med fullmakt frå føresette.

Fagteam har òg ein akutt funksjon og kan nyttast i særskilte høve der ein ikkje kan vente til neste oppsette møte.

4.1.4 TILTAK FOR UNGDOM

I desember 2003 vedtok kommunestyret ein rapport om ungdomspolitisk satsing i åra framover som la vekt på at Sykkylven kommune vil ha ei aktiv ungdomssatsing. Det skulle arbeidast vidare med følgjande tiltak:

- Kommunal tiltakskoordinator for barne- og ungdomsarbeidet
- Eit ope ungdomstilbod i sentrum (Ungdomens hus)
- Krinsvise tilbod til barn og unge
- Kommunal medfinansiering av ungdomsprest/ diakon
- Tverretatleg ungdomsteam
- Sykkylven ungdomsråd skulle ta aktivt del i vidare arbeid

I tiltakspakken som er nemnt ovanfor er fleire ting fullført. Her kan nemnast:

Kommunen er med på å fullfinansiere stilling som ungdomsprest (no som ungdomsdiakon), eit tverrfagleg ungdomsteam er operativt og Sykkylven ungdomsråd er oppe og går igjen. Kommunen har eigen folkehelsekoordinator/idrettskonsulent som bidrar til å auke kapasiteten til å følgje opp ungdomspolitikken. Folkehelsedelen av stillinga skal òg ha innsatsfaktor på ungdom.

Tiltak som har motteke støtte er t.d.:

- Bygginga av sandvolleyballbane og treningspark på området
- Etablering av Open Storhall
- Støtte til Motocrossklubben – reguleringsplan og nytt anlegg
- Støtte til Sykkylven rideklubb – reguleringsplan
- Ungdomsmidlar til Fønix – fredagstilbod for ungdom
- Fullstending støtte til skateboardanlegg ved ungdomsskulen

Andre store satsingsområde har vore:

Open Storhall – ein multiaktivitet for ungdomsskuletrinnet som fortsatt held stand og samlar ungdom kvar fredag, hovudsakleg frå ungdomsskuletrinnet. Dei har funne ein modell som er levedyktig over tid og som blir leia på ein god måte. Storhallen er også ein perfekt arena for dette.

Cafe Trendy i sentrum og musikkverkstad på Tynes vart brukt ein god del midlar på. Men tiltaka var ikkje mogleg å drive etter at dei private eldsjelene gav seg på det. Seinare trekte kulturen seg ut av Tynesfabrikken og bygget vart seld. Denne erfaringa må ein berre ta med seg vidare.

Sykkylven digitale kino vart opna i 2013. Dette er eit godt og mykje brukt tilbod for ungdommen. Det blir vist 4 filmframsynningar i veka med unntak av fellesferien. Ungdom og familiær er den største gruppa besökjande. I fjor var det besøksrekord med over 10.000 selde billettar. Kinoen har også eigen kiosk og produserer eigen popcorn.

KOSELAN – dataparty har vakse seg stort og er frå 2016 lagt til Storhallen. Det har no auka frå 100 deltagarar til over 160. I Storhallen er det lagt godt til rette med fiberanlegg, lydanlegg og god ventilasjon.

Dei årlege russerevyane har samla godt med besøk og er framleis på kulturhuset.

Skateparken er mykje brukt av ungdom både i skuletid og på fritida. Skateparken er i hovudsak finansiert av dei kommunale ungdomsmidlane. Slitasjen er stor og det trengs midlar for å oppretthalde kvaliteten på tilbodet.¹²

Sykkylven kommune løvvde i 2013 og 2014 til saman 1 million til ungdom. Pengane vart i hovudsak nytta slik:

Ungdomsrelatert utstyr Open Storhall/Storhallen	Kr. 150.000
Ungdomsrelatert utstyr til Sykkylven kulturhus	Kr. 100.000
Sandvolleyballbana i sentrum – vidareutv. av området	Kr. 150.000
Hestesport/riding	Kr. 150.000
Treningspark/aktivitetspark i sentrum	Kr. 150.000
Paintballbane i Sykkylven	Kr. 150.000
Jibbepark ved Sykkylven friluftssenter	Kr. 150.000

Erfaringar med øyremerka midlar til ungdomstiltak syner at dette gjev resultat, skaper aktivitet og breidde i ungdomsaktivitetane.

¹² Per mai 2016

4.1.6 TVERRFAGLEG UNGDOMSTEAM

I februar 2007 vedtok Levekårsutvalet å opprette eit tverrfagleg ungdomsteam. Ungdomsteamet erstatta då ei styringsgruppe og eit større ungdomsutval.

Tverrfagleg ungdomsteam består av to politikarar, fagfolk frå barne- og familiestøtene, kultur, skule, ungdomsråd, politiet og kyrkja. Tverrfagleg ungdomsteam skal ha fokus på kommunen sin innsats for ungdom og koordinere det førebyggande arbeidet. Teamet har også mandat til å handsame og fordele kommunen sine ungdomsmidlar (når desse ligg føre).

4.1.7 HELSESTASJON FOR UNGDOM

Helsestasjon for ungdom er eit gratis helsetilbod til ungdom opp til 25 år. Tilboden fylgjer skuleåret og har ope ein ettermiddag kvar veke. Lege og helsesøster er til stades og kan dermed gi eit fullverdig tilbod. HFU fungerer som eit lågterskelttilbod der ungdommane kan møte opp utan timeavtale.

Hovudmålsettinga er å rettleie, informere, bevisstgjere og oppmode ungdom til å ta vare på eiga helse. Gjennom å tilby råd, rettleiing og gjentekne samtalar kan helsestasjon for ungdom bidra til styrking av dei unge sin sjølvtillit, eigenomsorg, ansvar og sosiale ferdigheter.

4.1.8 MOT

MOT¹³ er ein ideell stiftelse danna av toppidrettsutøvarar med mål om å skape varmare og tryggare oppvekstmiljø for barn og ungdom, slik at mobbing, vald og rusmisbruk vert redusert. MOT set fokus på m.a. å gje ros, vise respekt, vere audmjuk, setje grenser og ta eigne val. Tiltaket starta opp i ungdomsskulen i 2001, og tilbakemeldingane har vore svært positive. I 2011 gjekk Sykkylven kommune inn i ein ny MOT-avtale, og fleire tiltak og større arrangement blir halde gjennom denne avtalen. Ordførar og rådmann skal aktivt fronte MOT-arbeidet.

4.1.9 RUSMIDDELFRITT MILJØ I DEI FRIVILLIGE ORGANISASJONANE

Sykkylven kommune skal samarbeide med dei organisasjonane som driv arbeid blant barn og ungdom og hjelpe til med å skape rusfrie miljø. Dei frivillige organisasjonane blir oppmoda om å ta dette med i statuttane/vedtektena sine.

¹³ <http://www.mot.no/>

4.1.10 NATTERAVN

Frivilligsentralen organiserer natteramnteneste ved Open Storhall og i Aure sentrum fredagskveldar, med auka innsats ved tradisjonelle samlingstider som t.d. natt til 1. mai og natt til 17. mai. Fokus blir retta mest mot dei yngste ungdommane, og erfaringane er svært gode. Vaksne/edru menneske er eit viktig element i samband med rus- og valdsførebyggande arbeid.

Det er foreldre til 8. klassingar og andre frivillige som tar på seg dette oppdraget.

4.1.11 UNGDOMSRÅD

Sykylven ungdomsråd vart oppretta i juni 2003. Rådet har vore inaktivt dei 4 siste åra, men er igjen aktivt frå 2016 (K-sak 66/15). Nytt råd vart konstituert i mars 2016.

Dagens ungdomsråd har 6 representantar, fordelt på 2 representantar frå ungdomsskulen, 3 frå vidaregåande skule og 1 lærling. Representantane har personleg vara. To politikarar deltar fast på møta og har rolle som mentorar. Fellestenestene er sekretariat for rådet.

Leiar av ungdomsrådet er med i Tverrfagleg ungdomsteam. Representantar frå ungdomsrådet er oppmoda om å delta på møter i Ungdommens Fylkesting.

Oppgåver

- Ungdomsrådet skal vere kommunen sitt talerøyr i saker som gjeld ungdom spesielt. Både ungdomen og kommuneadministrasjonen har ansvar for å sende over og etterspørje saker.
- Ungdomsrådet bør gje tilrådingar i t.d. antivirus-tiltak, arrangement og tilbod for ungdom i helgane.
- Rådet disponerer kr. 30.000 til formål retta mot ungdom i Sykylven kommune (K-sak 21/2016).

4.1.12 AKTIVITETSHUSET FØNIX

Fönix er eit aktivitetshus etablert og drifta av frivillige, og til nytte for alle innbyggjarane i kommunen. Aktivitetshuset er eit tilbod til alle aldersgrupper uavhengig av nasjonalitet, og ein treffstad der ungdom kan møte eldre og vere saman om ulike aktivitetar - ein uformell stad å møtast med kaffi og god prat.

4.1.13 AV-OG-TIL

Sykylven kommune vedtok 14.12.2015 (K-sak 66/2015) at kommunen skal etablere samarbeid med organisasjonen [AV-OG-TIL](#), som er ein kampanjeorganisasjonen for alkovett.

AV-OG-TIL bidrar med ulike ressursar og ein metode. Stikkord for AV-OG-TIL Lokalt er å få mange med på å drøfte og reflektere rundt at av og til passar det ikkje med alkohol. Metoden er bygd opp rundt lokale arbeidsgrupper som planleggjar og sett i verk ulike tiltak innanfor situasjonane der alkohol utgjer ein ekstra risiko. AV-OG-TIL Lokalt er ein direkte respons på behovet for koordinering av tiltak på fleire arenaer lokalt for mest effektfull førebygging.

Samarbeidsavtalen mellom Sykkylven kommune og AV-OG-TIL er p.d. ikkje signert og det er ikkje avgjort kva eining som får ansvar for å følgje opp avtalen.

4.2 MILJØ- OG HALDNINGSTILTAK

4.2.1 KOMPETANSE PÅ RUSFELTET

Kommunen bør til ei kvar tid ha kompetanse innan rusfeltet. Psykisk helseteam og NAV har jann pågang frå personar med behov for rettleiing og hjelp. Gjennom samhandlingsreforma er kommunen si rolle styrka, personar skal i størst mogleg grad ta i mot tenester i sitt nærmiljø. Kartlegginga i Brukarplan 2015 viser at aldersfordelinga på personar med rusproblem er jamt fordelt mellom 16 til 70 år eller eldre. Det vil seie at alle einingar i helse- og omsorg er i kontakt med personar med rus- og/ eller psykiske lidingar. Utfordringsbiletet tilseier at kompetanse innanfor rus og psykiatri må utvidast til fleire sektorar og personellgrupper enn det tradisjonelt har vore. Det vil vidare vere eit behov for å auke kompetansen om eldre og rus, som følgje av eit veksande tal på eldre.

Det bør vidare gjennomførast målretta kurs og opplæringstiltak retta mot yrkesgrupper innanfor alle sektorar som møter rusproblematikk i sitt arbeid. Aktuelle tiltak må takast med i sektorane sine opplæringsplanar og i kommunen sin totale opplæringsplan.

4.2.2 ARRANGEMENT I KOMMUNAL REGI

Alle arrangement i kommunal regi skal vere alkoholfrie.

4.2.3 AKAN-ARBEID

AKAN er eit omgrep som vert nytta om kommunen sin politikk for handtering av rusmiddelbruk og pengespel. Det er ei forkorting av namnet på senteret som støttar dei ulike verksemndene med dette arbeidet: "Arbeidslivets kompetancesenter for rus- og avhengigheitsproblematikk". Dette er ein ideell organisasjon etablert som eit trepartssamarbeid mellom partane i norsk arbeidsliv (LO, NHO og Staten).

Det bør vere eit mål at alle bedriftene i Sykkylven utarbeider retningsliner for sitt AKAN-arbeid. Bedriftene og LO Sykkylven blir oppmoda om å følgje opp denne målsetjinga. For kommunalt tilsette er det oppretta eit eige AKAN-utval som eit underutval av arbeidsmiljøutvalet.

Kommunen har eit AKAN-reglement frå 2008. Dette inneheld kommunen sin overordna AKAN-avtale mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, samt kommunens politikk for handtering av arbeidsrelatert rusmiddelbruk og pengespelaktivitetar. Vidare går det fram

av reglementet kva som ikkje er akseptert bruk og misbruk for arbeidstakarane i Sykkylven kommune. Ein viktig del av reglementet skisserer opplegget for arbeid og tiltak når ein arbeidstakar kjem i ein situasjon der han eller ho må få hjelp for problema sine.

Kompetansesenteret har nyleg utarbeidd ein ny rettleiar for dette arbeidet, og AKAN-utvalet har starta arbeidet med å revidere kommunens reglement og opplegg. Målsettinga er å legge fram eit framlegg, der ein har tatt utgangspunkt i den nye rettleiarene, erfaringar i organisasjonen og generelt ny utfordringar på dette området.

Sykkylven kommune har tre AKAN-kontaktar som kan brukast til rådgjevar og samtalepartner i høve til rus- og speleavhengigkeitsspørsmål:

- **Borgar Løseth** for oppveksteiningane
- **Mari Ann Ekornåsvåg** for barne- og familietenestene, pleie og omsorg og NAV kommune
- **Bente Skjeret-Tynes** for administrasjon elles inkludert heile teknisk med uteseksjon og reinhald

4.3 Behandling og omsorg

4.3.1 OPPFØLGING AV GRAVIDE MED RUSPROBLEM

Helsedirektoratet rådar alle gravide til totalt avhald frå alkohol. Alle typar rusmiddel og vanedannande medikament kan ha ulike skadeeffektar på fosteret.

- Tidleg kartlegging av rusmisbruket er avgjerande. I eit førebyggande perspektiv blir alle kvinner ved første svangerskapskontroll spurt om eige forhold til alkohol og rus.
- Gravide med rusutfordringar skal få tilbod om rask oppfølging av jordmor/lege. Tverrfaglig samarbeid er viktig, til dømes mellom kvinnen, partneren hennar, jordmor, lege, lokalt rusteam, rusteam ved poliklinikken, helsesøster, psykiatri og barnevern.
- Etablering av ansvarsgruppe bør vurderast.
- Ein gravid rusmiddelavhengig kan utan eige samtykke takast inn på institusjon utpeika av regionalt helseføretak, jf. spesialisthelsetjenesteloven § 2-1a fjerde ledd, og haldast tilbake der i heile svangerskapet dersom misbruket er av en slik art at det er mest sannsynleg at barnet vil bli født med skade, og dersom hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg.

4.3.2 TILTAK FOR RUSMIDDELMISBRUKARAR

Kommunen har eit hovudsvar for å førebyggje og avhjelpe rusproblem, jf. [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#) § 3-1:

Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Rusmiddelavhengighet er ein samansett og kompleks liding. Når misbruket går over år, og avhengigheita aukar, blir resultatet ofte somatiske, psykiske, kognitive og sosiale problem; negative konsekvensar i forhold til familie, skule, arbeid, relasjonar til andre, nettverk, fritid, økonomi, kriminalitet. Ein ser gjennom kartlegginga i Brukarplan at brukarane vi hjelper med rus- og eller psykiske vanskar har store utfordringar i forhold til livsområder; psykisk helse, rusmisbruk, sosial fungering og nettverk. I tillegg veit ein at dette er ei gruppe som trekkjer seg unna hjelpeapparatet. Dette bekreftar behovet for eit ambulant team med fokus på miljøterapi som ei av tilnærningsformene. Ein ser kor viktige dei to prosjektstillingane som miljøterapeut i rus- og psykisk helseteam er, og at desse er ein føresetnad for at vi skal klare å møte dei framtidige utfordringane til denne brukargruppa.

Gjennom samhandlingsreforma blir kommunen si rolle styrka, og ein skal i størst mulig grad motta tenester i sitt nærmiljø. Med kortare institusjonsopphald i spesialisthelsetenesta, vil forutsigbare og heilsakaplege behandlings- og tenesteforløp spele ei viktig rolle. Ut i frå dette har Rus- og psykisk Helseteam eit tverrfaglig ambulerande team under utvikling, som i større grad enn tidlegare skal drive bustadsosialt arbeid i form av oppsökande arbeid med miljøterapi som ein nødvendig tilnærningsmåte.

Rus- og psykisk helseteam tilbyr i dag følgjande tenester:

- Individuelle terapeutiske samtalar
- Motivasjon- og bevisstgjeringssamtalar
- Kartlegging av hjelpebehov og tilpassing av individuelle oppfølgingstiltak i kommunen
- Tilvising til rusbehandling i spesialisthelsetenesta, og oppfølging før, under og institusjonsopphald
- Miljøterapeutiske tiltak både i- og utanfor bustad.
- Følgjetenester; mellom kommune og spesialisthelseteneste, eller innetter i kommunen
- Ettervernsguppe
- Fysisk aktivitetsgruppe
- Legemiddelhandtering
- Oppfølging i høve til skule, arbeid, offentlige kontor, aktivitet
- Individuell plan
- Tverrfaglege samarbeidsmøte
- Søknad om LAR (legemiddelassistert rehabilitering)
- Råd og rettleiing til pårørande
- Undervisning og rettleiing internt i kommunen

Tiltaka er frivillige, men når en person rusrar seg på ein slik måte at liv og helse vert utsett for alvorleg fare, skal tvangstiltak vurderast (jf. helse- og omsorgstenestelova).

4.3.3 BUSTADER FOR PERSONAR MED RUSPROBLEM

Kommunen skal medverke til å skaffe bustad til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden. I samband med pliktig tilbod om ettervern og rehabilitering, er eigna bustader ein viktig faktor å lukkast.

Bu- og rehabiliteringstenetsen og NAV samarbeider med Sykkylven Bustadselskap for å finne tilfredsstillande bustadløysingar. Alternative måtar å dekke bustadbehova på kan t.d. kjøp av bustadar. Til dette har husbanken lån- og tilskotsordningar som gjer at kostnadene vert overkomelege.

Ansvar for akuttbustad (mellombels bustad) etter § 27 i lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen og § 3.7 i helse- og omsorgstjenestelova ligg til NAV.

5. KOMMUNAL ALKOHOLOMSETNINGSPOLITIKK

Innan alkoholpolitikken vil det ofte vere fleire legitime og til dels kryssande interesser. Dette gjeld omsynet til sosial- og helsepolitiske aspekt, næringspolitiske omsyn og omsynet til at alkohol er ei lovleg handelsvare og skal vere tilgjengeleg.

Kontrollane som er utført ved skjenke- og salsstadane i kommunen viser svært få avvik. Likevel er det eit omfattande problem at mange misbrukar alkohol på ein slik måte at dei er til skade for seg sjølv og andre.

Alkoholbruk representerer ein av dei høgaste sosialøkonomiske kostnadane både lokalt og i landet generelt. Det er dermed av særstak betydning at det i det kommunale planarbeidet blir lagt vekt på behovet for å førebyggje dei problema som bruk og misbruk av alkohol kan føre med seg. Grensa mellom offentleg og personleg ansvar må heile tida vurderast.

Gjennom alkoholpolitikk og ein rusmiddelpolitisk handlingsplan skal ein finne balansen mellom på den eine sida ansvar og valfridom til enkeltindivid og grupper og på den andre sida behovet fellesskapen har for å førebyggje og fremje folkehelse.

Følgjande definisjonar for alkoholhaldig drikk vert lagt til grunn:

- Gruppe 1: Alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 vol.% alkohol
- Gruppe 2: Alkoholhaldig drikk med høgst 22 vol.% alkohol
- Gruppe 3: All alkoholhaldig drikk

Dette erstattar den tidlegare klassifiseringa *øl, vin og brennevin*.

5.1 FASTE SALS- OG SKJENKELØYVE

Med heimel i alkohollova § 1-7 tildeler kommunestyret sals- og skjenkeløyve innanfor dei rammer som dei til ei kvar tid finn forsvarleg, med omsyn til å avgrense samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til.

Det skal gjennomførast kontroll med alkoholomsetninga som er minst så omfattande som lova krev. Brot på vilkåra for skjenking skal føre til reaksjonar overfor løyvehavar, og sanksjonane skal vere så strenge som alkohollova gir høve til. Ved lovbroter skal kommunen tildele løyvehavar eit bestemt tal prikker, jf. kap. 10 i alkoholforskrifta.

Eit av verkemidla i alkohollova er å nytte vilkår i tildeling av løyve. Sykkylven kommune oppmodar i samband med tildeling av sals- eller skjenkeløyve at bransjen deltar på kurs i Ansvarlig vertskap eller Ansvarlig sal når dei blir tilbode dette¹⁴.

¹⁴ Anten i regi av Sykkylven kommune eller av samarbeidande kommunar.

5.1.1 SALSLØYVE

Kommunen kan gi slike løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1:

- ⇒ Sal gjennom daglegvarehandelen
- ⇒ Sal frå privat ølutsal eller kommunalt ølutsal
- ⇒ Sal gjennom vinmonopolutsal

Alle daglegvarebutikkane i Sykkylven har i dag løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1.

5.1.2 ALMINNELEGE SKJENKELØYVE

Følgjande verksemder har hatt skjenkeløyve den siste kommunestyreperioden:

Skjenkestad	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 3 slutta lag	Ute- servering
BellaMi	X	X			x
Bankplassen kiosk & grillbar	X	X			x
Straumen kro	X	X	X		x
Verkstaden Bistro	X	X	X		x
Aursnes hotell	X	X	X		x
Fjellseter Friluftssenter (Fjellseterstova)	X	X	X		x
Berlihuset Mat og Vin	X	x	X		x

Skjenkestadane har heilårsdrift, og alle skjenkeløyva er kombinert med matservering. Det har dei siste løyveperiodane ikkje vore innført maksimumsstal på skjenkeløyver i kommunen.

5.2 SKJENKELØYVE FOR ENKELTHØVE

Kommunen kan etter alkohollova § 1-6 gi skjenkeløyve for eit enkelt bestemt høve, og som ikkje er knytt til ein skjenkestad. Skjenkestaden skal vere godkjent av bygningsmyndighetene og av Mattilsynet. Løyvet er tenkt nytta til opne arrangement og skal knytast til ei bestemt hending.

Tildeling av skjenkeløyve for enkelthøve er delegert til rådmannen, og vert gjort med grunnlag i uttale frå politi og sosialteneste.

Talet på søknader om skjenkeløyve for enkelthøve per år har gjennomsnittleg vore 24 dei siste åra.

5.3 AMBULERANDE LØYVE

Skal skjenking i slutta lag skje mot vederlag, må det søkjast om ambulerande skjenkeløyve. Tildeling av ambulerande løyve er delegert til rådmannen. Løyvet er tidsavgrensa.

Det er oppretta to ambulerande skjenkeløyve i Sykkylven kommune.

5.4 RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE

5.4.1 GENERELT

1. Etter alkohollova er kommunen si oppgåve å i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til. Som eit ledd i dette vil ein prøve å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.
2. Til personar over 20 år som ein reknar med ikkje vil misbruке løyvet, kan det bli gitt rett til sal av øl eller skjenking av øl og vin og ev. brennevin.
3. Løyvet kan bli gitt anten som fast løyve for ein gitt tidsperiode, som løyve for eit enkelt høve eller som ambulerande løyve for slutta lag.
4. Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.
5. Løyvehavar pliktar å syte for at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande lover og regelverk og dei vilkår som kommunen har sett ved tildeling av løyvet.
6. Brot på vilkåra for skjenkeløyve medfører inndraging av løyvet, permanent eller for ein periode etter nærmare retningslinjer.
7. Alle avgjersler skal kunne heimlast i alkohollova.
8. Vedtak kan i hht. alkohollova klagast til fylkesmannen innan 3 veker etter mottak av vedtaket. Eventuell klage skal sendast til: Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven.

5.4.2 FASTE LØYVE

1. Søknader om fast sals- eller skjenkeløyve skal sendast til Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven. Søknaden skal fremjast på eige søknadsskjema.

2. Søknader blir avgjort av kommunestyret, med uttale frå politi, sosialteneste og Levekårsutval. Nærare vilkår blir fastsett i kvart høve med grunnlag i reglane i alkohollovgjevinga.
3. Løyve til skjenking av brennevin kan gjevast til verksemder med eigna lokale etter vurdering av kvar einskild søknad.
4. Det er ein føresetnad at skjenkestaden er innvilga serveringsløyve og har godkjenning frå Mattilsynet.
5. Det vert lagt vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles.
6. Det vert lagt vekt på karakter/eigenskaper ved skjenkestaden med omsyn til standard, miljø og særpreg.
7. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve til verksemder som har ungdom under 18 år som målgruppe.
8. Søkjar må kunne dokumentere godt vakthald og sosial kontroll med all skjenking i lokalet og rutinar for handheving av fastsette aldersgrenser.
9. Løyve blir gitt for ein periode på inntil 4. år. Jamfør endringar i alkohollova § 1-6 kan kommunen etter eit kommuneval avgjere at alle eller enkelte løyve kan først vidare i inntil 4 nye år, utan krav om søknad om nytt løyve.
10. Søkjrarar og innehavarar av faste sals- og skjenkeløyve skal avleggje kunnskapsprøve om alkohollova , jf. § 1-7c.
11. Det skal betalast løyveavgift for kvart år på grunnlag av forventa omsetning av alkoholhaldig drikk. Oppgåve over forventa omsetning komande år og faktisk omsetning føregåande år skal leverast etter fastsett frist.

5.4.3 LØYVE FOR ENKELTHØVE

1. Skjenkeløyve for eit enkelt høve gjeld for eit bestemt arrangement (jf. § 1-6 i alkohollova).
2. Det er [elektronisk søknadsskjema](#) på heimesida til Sykkylven kommune.
3. Alkohollova med føresegner er gjeldande.
4. Skjenkeløyve for enkelthøve skal utferdast til ein bestemt person, og denne er ansvarleg for handheving av føreseggnene.
5. Søknader skal innehalde opplysningar om løyvehavar, kvar arrangementet skal vere og kva føremål arrangementet har. Søknader må ligge føre seinast 14 dagar før arrangementet.

6. Det vert ikkje gitt løyve for enkelthøve til arrangement som er ope for personar under 18 år.
7. Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2. Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.
8. Løyvet er tidsavgrensa og gjeld frå kl. 12 ein dag til kl. 01:00 (02:00) neste dag. Ved særskilte høve eller arrangement kan løyvet gjelde i utvida tidsrom.
9. Avgjerdsslemynde i søknadssaker er lagt til rådmannen. Løyvet vert administrert av rådmannen som handsamar søknader. Rådmannen innhentar uttale frå sosialtenesta og lensmannskontoret, og sender melding om innvilga løyve til kommunen sitt kontrollorgan og til lensmannen.
10. Ved misleghald av løyvet kan søker ikkje få nytt løyve før det er gått 1 år.
11. Det skal betalast løyveavgift på same måte som for faste skjenkeløyve, utrekna etter omsetning. [Forskriftene til alkohollova](#) § 6-2 regulerer til ei kvar tid storleiken på gebyret. Gebyr skal vere innbetalt før løyvet kan vere gyldig.

5.4.4 AMBULERANDE LØYVE

1. Sykkylven kommune har oppretta to ambulerande skjenkeløyve (K-sak PS 42/93).
2. Det ambulerande løyvet gjeld for eit einskild høve og ved lukka selskap (jf. alkohollova § 4-5). Løyvet blir gitt til ein person som er ansvarleg for løyvet.
3. Det er [elektronisk søknadsskjema](#) på heimesida til Sykkylven kommune. Søknader må ligge føre seinast 7 dagar før arrangementet.
4. Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.
5. Løyvet er tidsavgrensa og gjeld frå ein dag kl. 12:00 til neste dag kl. 01:00 (02:00). Alkohollova med føresegner gjeld for løyvet.
6. Avgjerdsslemynde i søknadssaker er lagt til rådmannen. Rådmannen innhentar uttale frå sosialtenesta og lensmannskontoret dersom han finn det naudsynt. Rådmannen sender melding om innvilga løyve til kommunen sitt kontrollorgan og til lensmannen.
7. Ansvar for kontroll av skjenkinga ligg til kommunen sitt kontrollorgan. I samsvar med retningslinene vert kontroll utført utan nærmere varsel.

Ved misleghald av løyvet kan søkeren ikkje få nytt løyve før det er gått 1 år.

8. I medhald av gjeldande forskrift etter alkohollova vert det krevd gebyr. [Forskriftene til alkohollova](#) regulerer til ei kvar tid storleiken på gebyret. Gebyr skal vere innbetalt før løyvet kan vere gyldig.

5.5 OPNINGS- OG SKJENKETIDER¹⁵

5.5.1 OPNINGSTIDER

- § 1 Innandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 01:30 mandag–fredag og søndag.
Innandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 02:30 laurdag (natt til søndag).
- § 2 Utandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 01:00 mandag–fredag og søndag.
Utandørs serveringsstader kan halde ope til kl. 02:00 laurdag (natt til søndag).
- § 3 Serveringsstader utan skjenkeløyve kan ha same opningstid som skjenkestadane.

5.5.2 SKJENKETIDER

- § 4 Skjenking av øl og vin kan skje fra mandag–fredag og søndag til kl. 01:00.
Skjenking av øl og vin kan skje laurdag til kl. 02:00 (natt til søndag).
- § 5 Utandørs skjenking av øl og vin kan skje til kl. 01:00 mandag–fredag og søndag.
Utandørs skjenking av øl og vin kan skje til kl. 02:00 laurdag (natt til søndag).
- § 6 Skjenking av brennevin kan skje fra mandag – fredag og søndag fra kl. 13:00 til kl. 01:00. Skjenking av brennevin kan skje laurdag fra kl. 13:00 til kl. 02:00.
- § 7 For utandørs skjenking av brennevin kan kommunestyret fastsetje avvikande skjenketider.

5.5.3 ANDRE BESTEMMELSAR

- § 8 Kommunestyret kan fastsetje redusert opningstid og skjenketid for den enkelte serveringsstad.
- § 9 Formannskapet kan gi dispensasjon fra reglane etter særskild søknad når det ligg føre særlege grunnar.

5.5.4 IVERKSETJING AV FORSKRIFTA

- § 10 Forskrifta trer i kraft fra 1.7.1998. Forskrifta er vedteken av Sykkylven kommunestyre i sak 49/98, og seinare endra i Sykkylven kommunestyre i sak 7/07.

Forskrifta er vedteken av Sykkylven kommunestyre i sak 49/98, og seinare endra av Sykkylven kommunestyre i sak 7/07. Ny handsaming i k-sak 85/08 og 39/12 (utan endring).

¹⁵ Lov av 13. juni 1997 om serveringsverksemeld § 15 og lov av 2. juni 1989 om omsetning av alkoholhaldig drikke m.v. § 4-4.

5.6 KONTROLL MED ALKOHOLOMSETNING

Levekårsutvalet er kontrollutval for alkoholomsetninga i kommunen. Kontrollen skal omfatte alle sals- og skjenkeløyve gitt av kommunen, både vanlege sals- og skjenkeløyve, løyve for enkelthøve og ambulerande løyve. Kontroll med ulovleg sal og skjenking ligg under politiet sitt ansvarsområde.

Kontroll inneber mellom anna:

- ⇒ Føre tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet og ev. andre kommunale retningslinjer.

Kontroll skal utførast minimum 3 gongar pr. år, og skal i hovedsak omfatte:

- sals- og skjenketider
- aldersgrense for sal og skjenking
- sal eller skjenking til tydeleg rusa personar

- ⇒ Rettleie løyvehavarane om føresegnerne i alkohollova og evt. lokale forskrifter.

- ⇒ Legge grunnlag for sanksjonar¹⁶.

Utøving av skjenkekонтroll skal skje ved tilsette eller engasjerte kontrollørar. Sykkylven kommune har gjennom innkjøpssamarbeidet avtale med Securitas AS om utføring av skjenkekонтroll.

5.7 RETNINGSLINER FOR REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVA

§ 1-8 i alkohollova gir høve til å inndra sals- eller skjenkeløyve for eit gitt tidsrom eller for resten av løyveperioden. Det er hovedsakleg brot på alkohollova som gir grunnlag for inndraging av kommunale løyver. Dette er ikkje berre knytt til sal og skjenking, men også andre brot på alkohollova som reklameforbod, manglande innlevering av omsetningsoppgåver og innbetaling av gebyr, skattar og avgifter. Det same gjeld også for narkotikaomsetnad på skjenkestaden. Inndraging av sals- eller skjenkeløyve er eit drastisk tiltak med ekstra strenge krav til kommunen sin sakshandsaming og utøving av skjønn.

5.7.1 PRIKKTILDELINGSSYSTEM

Frå 2016 er det innført prikktildeling der det ved kontroll blir avdekka at løyvehavar ikkje har oppfylt sine plikter etter lovverket.

¹⁶ t.d. inndraging av løyve ved brot av lov, vilkår eller retningslinjer.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndragingslengda tilsvarende.

Det kan tildelast frå ein til åtte prikkar etter grad på lovbrot, jf. [forskrift om omsetting av alkohol](#) § 10-3:

Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.

Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd
brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd
gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

[Helsedirektoratets merknader til alkoholloven](#) presiserer at dersom det er meir enn tolv prikkar som ligg til grunn, skal inndragingslengda «aukast tilsvarande». 12 ekstra prikkar skal dermed medføre at inndragingslengda blir auka med ei veke.

Dersom løyvestaden får fleire enn 12 prikkar, skal kommunen utmåle lengda av inndraginga etter følgjande skjema:

1 prikk = 1 dags inndraging

2-3 prikkar = 2 dagars inndraging

4-5 prikker	=	3 dagars inndraging
6-7 prikker	=	4 dagars inndraging
8-9 prikker	=	5 dagars inndraging
10-11 prikker	=	6 dagars inndraging
12 prikker	=	7 dagars inndraging

Administrasjonen handsamer og gjer vedtak om prikktildeling inntil 12 prikker. Ut over 12 prikker gir levekårsutvalet tilråding til kommunestyret. Forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak gjeld. Løyvehavar skal i samband med vedtaket orienterast om moglege konsekvensar i høve ytterlegare prikktildeling. Klageinstans er fylkesmannen.

Mynde til å fatte vedtak om tildeling av prikker ligg i utgangspunktet til kommunestyret. Saker med prikktildeling med meir enn 12 prikker vert lagt fram for kommunestyret. Prikktildeling på inntil 12 prikker er delegert til administrasjonen, og prikktildeling inntil 12 prikker med skjerande omstende (jf. forskrift §10-4) er delegert til levekårsutvalet. Levekårsutvalet handsamer også klagesaker med inntil 12 prikker (med fylkesmannen som siste instans).

5.8 GEBYR FOR SAL OG SKJENKING

Det skal betalast gebyr for sals- og skjenkeløyve fastsett i forskrift til alkohollova. Gebyret skal først og fremst gi ei viss dekking av kommunen sine utgifter til kontroll og saksbehandling. Storleiken på gebyret vert rekna etter fastsette satsar og etter forventa omsetning.

Satsar for alminnelege sals- og skjenkeløyve

Sal:	Gruppe 1:	Kr. 0,18 pr. vareliter
Skjenking:	Gruppe 1:	Kr. 0,37 pr. vareliter
	Gruppe 2:	Kr. 1,01 pr. vareliter
	Gruppe 3:	Kr. 3,31 pr. vareliter

Gebyr

Gebyret utgjer pr. år minimum kr. 1 380 for sal og kr. 4 100 for skjenking.

For skjenkeløyve for enkelthøve og ambulerande løyve er gebyret sett til kr. 340 per løyve. Gebyret skal vere betalt før løyvet kan nyttast. Endeleg avgift vert rekna ut etter innrapportert omsetning.

Manglande innbetaling av gebyr eller oppgåve over omsetning er å sjå som brot på alkohollova § 7-1, og vil i medhald av § 1-8 kunne medføre inndraging av løyvet.

6. ØKONOMISKE KONSEKVENSAR

Mange av tiltaka som er skissert under kap. 4 kan blir gjennomførte innanfor eksisterande budsjetttramme, som t.d. ruskonsulent og tverrfagleg førebyggande tiltak. Det også avsett midlar til MOT, men ut i frå at samarbeidsavtalen har auka kostnad er det svært lite att til arrangement og driftskostnader. Tilskot til ungdomstiltak har vore nedprioritert og bør leggast inn att i komande økonomiplan.

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Tilskot ungdomstiltak	400 000	400 000	400 000	400 000
MOT	30 000	30 000	30 000	30 000
Ruskonsulent	-	600 000	600 000	600 000

7. EVALUERING AV PLANEN

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal leggast fram for kommunestyret for revidering i byrjinga av kvar kommunestyreperiode.